

LUSTER OPPVEKSTSENTER -BARNEHAGE-

ÅRSPLAN 2015-16



Luster oppvekstsenter
6872 Luster

57 68 59 35 barnehage
lena.stai.bolstad@luster.kommune.no

57 68 59 20 skule
eli.merete.moen@luster.kommune.no


<http://www.luster.kommune.no/luster>



Ein god stad å vere, leike og lære.



Luster Kommune



Lov om barnehage §2 pålegg barnehagen å utarbeide ein årsplan. Årsplanen blir laga med utgangspunkt i **Barnehagelova** og **Rammeplan** (Kunnskapsdepartementet 2011), og skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i oppvekstsenteret.

Ein årsplan er eit arbeidsreiskap for personalet til å styre verksemda i ei bevisst og uttalt retning. Den er eit utgangspunkt for foreldra til å kunne påverke innhaldet i barnehagen; og gir kommunen, politikarane, samarbeidspartar og andre interesserte informasjon om det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

Årsplanen må sjåast i samanheng med månadsplanane til barnehagen. Desse inneholder meir detaljert informasjon om aktivitetar og opplegg; korleis måla i årsplanen skal bli nådd. Anna relevant informasjon, sånn som t.d. vedtekter, søknadsfristar og betalingssatsar, finn ein på heimesida til Luster kommune.

Vi vil gjerne ha tilbakemeldingar på arbeidet vi gjer i barnehagen, både ris og ros. På den måten kan vi saman få til den gode barnehagen som vi alle ynskjer at barna skal ha. Vi håper på eit godt samarbeid i året som kjem!

Helsing

Eli M. Hansen Moen

- rektor/ styrar -

Lena Stai Bolstad

- ass. rektor/ styrar -



SAMARBEID

Luster oppvekstsenter

Personale har i fellesskap laga ein plan over aktivitetar vi vil samarbeide om i løpet av året; td. morgonsamlingar kvar 14.dag, 4 adventsamlingar, FORUT-kafé, fellesturar, sykkeldag, aktivitetsdag, ruskedag, 5.kl les i barnehagen. Skuleungane kjem ofte og leikar i barnehagen når dei er ute på likt. Vi har felles pauserom, foreldremøte, tre personalmøter, samt noko av planleggingsdagane er felles. Sjå eigen plan på oppvekstsenteret si heimeside.

Overgang barnehage - skule

Barnehagen skal, i samarbeid med skulen, legge til rette for overgangen frå barnehage til fyrste klasse. Det skal skje i nært samarbeid med heimen. Det må leggjast til rette for at barna kan ta avskjed med barnehagen på ein god måte, gleda seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen.

I løpet av våren har vi ein foreldresamtale der vi går igjennom eit eige skjema i forhold til overgangen. Ingen opplysningar blir gitt utan foreldra sitt samtykke. Luster kommune har ein eigen plan for overgangen barnehage-skule som vi følgjer. Den ligg på heimesida til kommunen.

I tillegg til førskuledagane på våren, samarbeider 1.-2. klasse og blå gruppe om minst ein aktivitet kvar månad. Det kan være t.d. å besøke kvarandre, felles turar, skidag, juleverkstad osv.

Skuleklubben:

Dei som går siste året i barnehagen, har skuleklubb kvar torsdag. Her jobbar vi med konsentrasjon, uthald og omgrepstrening. Vi vil drive med aktivitetar som t.d. skrivedans, bake, IKT, aktivitetar med skulen, teikne og skrive.



Skuleklubb: bokstaven min

Andre samarbeidspartar

Vi samarbeider med andre hjelpeinstansar ved behov: PPT, BUP, Sogn barnevern, helsestasjonen, fysioterapeut andre skular og barnehagar. Vi har HSP team (helse, sosial og psykisk helse) tre gongar i året der vi kan ta opp ulike tema og enkeltbarn. Ved samarbeid må ein følgje føresegogene om teie- og opplysningsplikt.

DOKUMENTASJON OG VURDERING

Pedagogisk dokumentasjon

Pedagogisk dokumentasjon handlar om å reflektera over praksis saman med personalet, barna og føresette. Det barnet lærer og læringsprosessen, skal vera i fokus. Det handlar om å sjå og lytta til barnet, og å ha fokus på det positive framfor det negative. Vi må ha eit bevisst forhold til kvifor vi dokumenterer, og kva den skal brukast til. Eit etisk perspektiv må leggjast til grunn, ikkje alt barna seier og gjer bør bli observert og vurdert skriftleg.

Pedagogisk dokumentasjon kan vera t.d. teikning, formingsprodukt, praksisforteljingar, bilde, video og barnas forteljingar. Ein startar med ein av desse tinga og fyller på med fleire etter kvart. Slik får ein fram erfaringar og tankar, og barna kan fortsetta si tenkning og læring. Ein får eit rikare register å spela på og eit grunnlag for vidare planlegging og vurdering.

Vi dokumenterer t.d. gjennom:

- Barnas produkt
- Månadsplanar
- Korte dagsrapportar på tavla i garderoben
- Bilete frå turar, aktivitetar og kvardagslivet,
- Vekentlege nyhetsoppdateringar på heimesida.
- Minnepermen: bilete, teikningar og ulike ting frå barna si tid blir samla i ein perm som barna får med seg den dagen dei sluttar.



Tema : fiskepresell

Vurdering

Kvaliteten i det daglege samspelet mellom alle i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadene for utviklinga og læringa til barna. Arbeidet til barnehagen skal skildrast, analyserast og tolkast ut frå kriterium i barnehagelova og rammeplanen. Erfaringane og synspunkta til barna skal inngå i vurderingsgrunnlaget. Informasjon og dokumentasjon skal gje grunnlag for refleksjon og diskusjonar i personalgruppa og med barn og foreldre. Resultatet av vurderinga er grunnlaget for den neste årsplanen.

Kven og korleis:

Foreldra: tilbakemeldingar på foreldresamtalar og foreldremøte, brukarundersøking og den daglege kontakten.

Barna: observasjon og samtale.

Personalaet: drøftingar på personalmøte og planleggingsdagar, observasjonar, praksisforteljingar, medarbeidarsamtalar.

Barnegruppa

Pr 15. september 2015 er det 25 barn i barnehagen, 13 gutter og 12 jenter.
Søtekrose: 15 stk født i 2010-2012.
Løvetann: 10 stk født i 2012-2014.

Personale

Eli M. H. Moen	rektor/ styrar	tlf. 959 93 505
Lena Stai Bolstad	ass. rektor/ styrar (fri fre)	tlf. 909 29 152
Turid Melheim	ped.leiar	tlf. 915 94 376
Solveig Seim Lysne	ped.leiar/ fagarb.	tlf. 900 74 335
Evy Alme	assistent	tlf. 950 76 375
Anita Feet	assistent	tlf. 917 42 591
May Grethe Lerum	fagarb.	tlf. 995 39 722
Tone Lise Arnesen	assistent	tlf. 917 89 918

Foreldrerepresentantar og Samarbeidsutval (SU)

Samarbeid med barnets heim skal ligge til grunn for verksemda.

Leiar: Gøril E. Urdahl (sit i SU)

Nestleiar: Heidi Alme (sit i SU)

Vara: Laila Sætrehaug og Nina Karin Lerum

Personalerep.i SU: Lena Stai Bolstad og Evy Alme

Vara: Turid Melheim og May Grethe Lerum

Rektor/ styrar har møte- og uttalerett, men ikkje stemmerett i SU.



Foreldremøte hausten 2015

Planleggingsdagar og feriestengd

5. oktober, 4. januar, 8.april, 11. og 12. august har barnehagen planleggingsdagar. Barnehagen er feriestengd dei siste to vekene i fellesferien, jamf. vedtekten §12. I 2016: veke 29 og 30 (18.-29.juli).

Verdigrunnlaget for barnehagen

Viktige verdiar for foreldra (ut frå gr.arb. på foreldremøte hausten 15):

- Folkeskikk: t.d. ta hensyn til andre, vente på tur, høre etter namnet sitt, dele, høfleg og hyggeleg, snill
- Sjølvstende: ikkje vere redd for å sei ifrå om noko skjer,
- Respekt: for andre, grenser, naturen
- Sosial kompetanse: empati, inkludere, si og meine unnskyld
- Omsorg: bli møtt ved levering og henting, sjå den enkelte, rom for alle

GJENNOMGÅANDE INNHOLD

Dagsrytme

7.00	Barnehagen opnar
7.00-8.30	Frukost; felles på Løvetann alle dagar
9.15	Evnt ei lita samling og mini-rørnis
	Frileik/ faggrupper/ ulike aktivitetar
11.00	Samlingsstund/ bursdagssamling
11.30	Lunsj
12.15	Kvilestund/ soving
13.00	Uteleik
14.00	Fruktmåltid og vatn
16.00	Barnehagen stenger



På vei inn til lunsj

I barnehagen har vi ingen obligatorisk tid, men vi vil gjera merksam på at dei fleste aktivitetane startar opp ca kl 9.15. Dersom vi skal ha ein aktivitet som startar opp før kl 09.15 eller sluttar etter kl 14.00 så vil det bli informert om det. Ved eventuelle spontane turar set vi opp lapp på ytterdøra om kvar vi er.

Tradisjonar

Tradisjonar er ein stor del av det gjennomgåande innhaldet i barnehagen, og vi meiner dei er viktige å føre vidare. For barna er ofte dei små tradisjonane i kvardagen like spennande som dei store festane, og dei ser fram til å bli så stor at det t.d. er deira tur til å vere i ballbingen utan ein voksen. Siste torsdag i månaden reiser ei gruppe på besøk på omsorgssenteret. Sjå s. 9.

Bursdagsfeiring er ein sentral tradisjon, som barna har store forventningar til. Denne dagen er det bursdagsbarnet som står i sentrum, og ofte nyt dei det til fulle. Det viser kor viktig det er at ein får positiv merksemd rundt seg sjølv som den ein er. I samlingsstunda tenner vi lys og syng og sender opp Rakettar. På Søtekruuse seie alle barna fine ting til det barnet som har bursdag og vi har ein bursdagsleik som bursdagsbarnet har valt. Barnet trer og ei ny kule på snora si og skifte tal. Rett etter lunsj kosar vi oss med noko som barnet har med seg. Vi oppfordrar alle foreldra om å ta med sunn bursdagsmat. Vi vil og markere bursdagen til dei vaksne.



Bursdagskaledaren til Løvetann

Mini-Rørnis

Mini-rørnis er lystbetont trening for barn mellom 3-6 år. Det er moro, enkelt og variert. Det er oppdelt i fem deler; start, leik på golvet, opp og hopp, nedtrapping og kvile. Søtekruuse vil ha mini-rørnis fleire gonger i veka, Løvetann vil vere med Søtekruuse, eller gjennomføre det på deira måte.

Sunt kosthald/ fiskesprell

Vi har kutta ut saft og søte pålegg, og fokuserer på sunn mat, grovt brød, og vatn som tørstedrikk. Vi vil halde fram med å være ein "fiskesprell-barnehage". Det vil sei at fisk og anna sjømat skal inngå i det daglege mattilbodet i barnehagen. Ein dag i veka vil vi ha berre fiskepålegg til lunsj, og halvparten av varmmåltida er med fisk.



Leseplan

I 2014 ble det vedtatt ein forpliktande overordna leseplan i Luster kommune.

Hovudmål:

- Få barn og unge til å like å lese
- Få barn og unge til å bli flinke til å lese og forstå det dei les
- Gjere foreldra medvitne om og aktivt med i barna si leseutvikling.

Gjennom barnehageåret vil vi:

- gjennomføre prosjektet "Boka mi," der barna har med seg bøker
- jobbe med Språkleik, som er stimulerande språkøvelsar i barnehagen
- etablere mini-utlån i barnehagen
- ha ulike lesegrupper, t.d. 5. kl kjem å les i barnehagen

Utviklingsplan for oppvekst 2015-19


I mars 2015 gjennomførte alle barnehagane og skulane i kommunen UDIR sin Ståstadanalyse. Ut frå den har Oppvekst vald ulike områder vi skal jobbe vidare med.

Utviklingsområde 2015-16 for barnehage:

- Språkutvikling: arbeide systematisk og auke kompetansen
- Fysisk aktivitet: barnehagen deltek i forskningsprosjekt ved HISF

Felles utviklingsområde 2015-16 for barnehage og skule:

- Lesing og språkutvikling: t.d. kompetanseheving
- Oppvekstbibliotek: mini-utlån av bøker i barnehagen er på plass
- Tidleg innsats: skal lages ein kommunal plan



NÆRMILJØ OG SAMFUNN

Det at barna får påverke det indre livet i barnehagen, kan vere det første steget for å få innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Barnehagen skal bidra til at barna møter verda utanfor familien med tillit og undring. Han skal leggje vekt på å styrkje kunnskapen om og tilknytinga til lokalsamfunnet, naturen, kunst og kultur, arbeidslivet, tradisjonar og levesett. Barn skal få utforske og oppdage nærmiljøet sitt. Barna har ulike erfaringar frå heimen, omgangskretsen og reiser, noko som kan gi kunnskap om ulike samfunn. Fagområdet omfattar òg korleis media påverkar kvardagen til barna.

Barnehagen skal bidra til at barna:


- utviklar tillit til eiga deltaking i og påverknad på fellesskapen
- erfarer at alle menneske, uavhengig av alder og føresetnader, inngår i og bidreg til barnehagefellesskapen
- blir kjende med og deltek i samfunnet gjennom opplevelingar og erfaringar i nærmiljøet
- opplever at det blir teke like mykje omsyn til gutter og jenter
- blir kjende med nokre historiske endringar i lokalmiljøet og samfunnet
- utviklar forståing for ulike tradisjonar og levesett
- blir kjende med at samane er urfolket i Noreg, og får kjennskap til samiske forteljingar, segner og andre delar av den samiske kulturen og det samiske kvardagslivet.



På brannstasjonen i Luster

Gjennom barnehageåret vil vi:

- jobbe med Forut og arrangere kafè for heile bygda
- bli kjend i nærmiljøet gjennom å dra på turar
- bli kjend med kor barna bur, arbeidsplassar og institusjonar i bygda gjennom prosjektene ”Bygda vår” og ”Her er eg”
- lære litt om husmannsplassen Hestaskår
- bli kjende med at samane er urfolket i Noreg
- besøker sjukkestova med ei gruppe barn siste tordag i kvar månad
- følgja demokratiske prinsipp, der barn får påverka livet i barnehagen
- lære at val og handlingar kan påverka både ein sjølve og andre
- jobbe med likestilling, ikkje gjere skilnad på gut og jente



OMSORG OG DANNING

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling (Barnehageloven §1).

Danning i barnehagen har som mål at barn skal bli sjølvstendige og trygge på seg sjølve som individ og på sin personlege og kulturelle identitet. Danning kan ein beskriva som ein kombinasjon av kunnskap og sosial kompetanse. Ein kan og kalla det for ”god folkeskikk.” I tillegg til manerar og folkeskikk, omfattar danningomgrepet rett og slett *forming av eit menneske sin personlegdom, og tankar rundt kva slags menneske ein ynskjer å vera.*

Danning er ein livslang prosess. Barn må få utfordringar, sjansen til å utvikle kunnskapar og ferdigheter og støtte for å handle omsorgsfullt og gjere etisk grunngjevne val. I barnehagen er gjensidige samhandlings-prosessar med barn og vaksne i leik og læring og omsynet til kvarandre føresetnader for danninga til barnet.

Omsorg handlar om relasjonar mellom dei vaksne og barna, og om omsorga barna viser kvarandre. Intensjonen er utvikling av trivsel, tryggleik og tilhøyring. Moglegheita for å kunne gje og ta imot omsorg, er grunnlaget for utvikling av sosial kompetanse.



For barnehagen er det ei primær oppgåve å gi omsorg og nærliek, og sørge for at barna ut frå alder og individuelle føresetnader blir møtt med lydhøyrheit, innleiving og vilje til samspel. Omsorg skal prege alle situasjonar i kvardagslivet og koma til uttrykk når barn leiker og lærer, i stell, måltida og påkledning. Det ligg mykje omsorg i å gje barn varierte utfordringar og rom for meiningsfylte aktivitetar. Det krev at personalet viser merksemd og er open overfor det unike hjå kvart enkelt barn og det unike i situasjonen og i gruppa.

Omsorg har verdi i seg sjølv.

LEIK OG LÆRING

Barnehagen skal gi barnet muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter (Barnehageloven §2, 2. ledd).

Leiken er ein av barns viktigaste uttrykksformer og har ein viktig plass i barnehagen. Vi skal bidra til den gode barndommen ved å gi alle barn høve til å leike. Å få delta i leiken og få venner er grunnlaget for at barn trivst og opplever barnehagen som noko meiningsfullt. Barna skal få oppleve leik både som eigenverdi og som grunnlag for seinare meistring av oppgåver.



Dei vaksne må vere tilgjengeleg for ungane ved å støtte, inspirere og oppmuntre i leiken. For dei eldste er det viktig at den vaksne er tilgjengeleg og kan løyse konfliktar og vidareutvikle leiken når ungane treng det, gi dei nye idear og opplevingar, og ikkje minst det å samhandle fleire ilag. For dei minste vil det vere viktig å ha ein voksen nær for å gi tryggleik og støtte.

Leik er ein av barnas viktigaste læringsarenaer. Barn leiker i utgangspunktet for å leike, men jo eldre barna blir, jo meir vil de danne seg et læringsmotiv i leiken. Leiken har stor verdi for barna sin kjenslemessige utvikling, for å utvikle empati og ikkje minst for å utvikle et rikt og allsidig språk.



Læring føregår i det daglege samspelet med andre menneske og med miljøet, og er nært vevd saman med omsorg, leik og danning. Barn lærer gjennom alt dei opplever og erfarer på alle områder. Skal optimal læring og utvikling finne stad, må barna vere trygge og trivast.

Dei sju fagområda må knytast til både formelle og uformelle læringssituasjonar i barnehagen. Dei formelle situasjonane er planlagt og leia av personalet, t.d. faggrupper og samlingsstund. Uformelle læringssituasjonar er knytt til kvardags-aktivitetar og her- og no situasjonar, i leik, oppseding og anna samhandling. Både formelle og uformelle situasjonar har ei pedagogisk hensikt. Barna sine eigne interesser og spørsmål bør danne grunnlaget for læringsprosesser og tema i barnehagen.

ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

Etikk, religion og filosofi er med på å forme måten vi oppfattar verda og menneska på, og pregar verdiar og haldningar. Religion og livssyn legg grunnlaget for etiske normer. Barnehagen skal reflektere og respektere mangfaldet som er representert i barnegruppa, samtidig som han skal ta med seg verdiar og tradisjonar frå den kristne kulturarven. Den etiske rettleiinga barnehagen gir barna, må ta omsyn til føresetnadene til det enkelte barnet og den kulturelle og religiøse eller verdimesseige tilknytinga til den enkelte heimen.

Barnehagen skal bidra til at barna:

- erfarer at grunnleggjande spørsmål er vesentlege, ved at dei får høve og ro til undring og tenking, samtalar og forteljingar
- tileignar seg grunnleggjande samfunnsnormer og -verdiar
- utviklar toleranse og interesse for kvarandre og respekt for bakgrunnen til kvarandre, uavhengig av den kulturelle og religiøse eller livssynsmessige tilhøyrsela
- får innsikt i kristne grunnverdiar og plassen dei har i kulturen vår
- får kjennskap til kristne høgtider og tradisjonar
- får kjennskap til tradisjonar som er knytte til høgtider i andre religionar og livssyn som er representerte i barnegruppa
- blir kjende med religion, etikk og filosofi som del av kultur og samfunn.

Gjennom barnehageåret vil vi:

- møta tru, spørsmål og undring med alvor og respekt
- jobbe med levereglar, menneskerettar/ barnekonvensjonen
- snakke om verdiar, haldningar og grunnleggande samfunnsnormer
- lære om dei kristne tradisjonar og høgtider
- skape rom for opplevingar, undring, ettertanke og gode samtalar
- bli litt kjent med filosofen Ludvik Wittgenstein



Den gyldne regel:
Gjer mot andre det du vil at andre skal gjøre mot deg.

NATUR, MILJØ OG TEKNIKK

Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags vêr. Naturen er ei kjelde til vakre opplevingar og gir inspirasjon til estetiske uttrykk. Fagområdet skal bidra til at barna blir kjende med og får forståing for plantar og dyr, landskap, årstider og vêr. Det er eit mål at barna skal få ei gryande forståing av kor viktig ei berekraftig utvikling er. I dette inngår kjærleik til naturen og forståing for samspelet i naturen og mellom mennesket og naturen.



Barnehagen skal bidra til at barna:

- opplever naturen og undrar seg over kor mangfaldig han er
- opplever glede ved å ferdast i naturen og får grunnleggjande innsikt i natur, miljøvern og samspelet i naturen
- får erfaring med og kunnskap om dyr og vekstar og at dei er avhengige av kvarandre og viktige for matproduksjonen
- lærer å observere, undre seg, eksperimentere, systematisere, beskrive og samtale om fenomen i den fysiske verda
- erfarer korleis teknikk kan brukast i leiken og kvardagslivet.

Epletreet til Løvetann

Gjennom barnehageåret vil vi:

- vera ute kvar dag og i all slags ver
- inkludera friluftsliv og utelek i barnehagekvardagen.
- dra på turar i naturen fleire gongar for månaden; turdagane vil vere på ulike dagar, informasjon om kor, kven og kva vil stå på månadsplanane
- lage mat ute i bålpanna vår eller t.d. i grua i Huttihetti (uteplassen vår)
- følgja eit epletre gjennom året
- auke kunnskapen vår om plantar, fiskar, fuglar, insekt og dyr i nærmiljøet
- ha ekstra fokus på årstidene
- gjennomføre enkle eksperiment
- bruke tekniske hjelpemiddlar som t.d. data og fotoapparat



Turdag til stranda
ved Ekservollen



Av det vi fant laga vi ei sjøheks

BARN SIN MEDVERKNAD

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagen sin daglige verksemnd, og de skal få moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemnd jamnleg. Barnehageloven §3 tredje ledd presiserer at barnet sitt synspunkt skal tilleggjast vekt i samsvar med barnet sin alder og modnad.

FN sin barnekonvensjon legg vekt på at barn har rett til å seie kva dei meiner om alt som gjeld dei, og at meiningane til barn skal telje. Barn har rett til å uttrykkje seg og påverke alle sider av livet i barnehagen. Samtidig må dei støttast til å leve seg inn i andre sin situasjon og til å ta omsyn til andre.

Barna skal bli møtt av vaksne som er opne for deira innspel. Det handlar om å verta spurd, lytta til og møtt med respekt. Dei yngste barna formidlar sine synspunkt ved kroppshaldningar, mimikk og andre kjensleuttrykk.

Den pedagogiske verksemda må organiserast og planleggjast slik at det blir tid og rom for barna til å medverke. Det må og vere god kommunikasjon mellom barna og personalet, og mellom personalet og foreldra.


I barnehagen kjem vi til å fortsette å jobbe for at ungane sine meiningar skal vektleggast. Det inneber at ungane skal bli høyrd i kvardagen. Har dei t.d. ein fin leik inne, og det er mogleg, skal dei få leike ferdig før vi går ut. Har ungane innspel og ynskjer, skal dei takast med i planlegginga i den grad det er mogleg. Eit tema bør berre grovplanleggjast, resten bli til undervegs.

Eksemplar på medverknad i Luster barnehage:

- Gje barna val i kvardagen
- Ordensvakta er med å bestemmer litt i løpet av dagen.
- Gje barna tid til å ”klare sjølv,” bli sjølvstendige
- Prøve å følgje opp innspel frå barna i kvardagen og i arbeid med tema
- Bursdagsbarnet får bestemma ein aktivitet



Hjelparen er med å dekke bordet



DEI 7 FAGOMRÅDA

Rammeplanen for barnehagen gjev oss 7 fagområdar som vi skal jobbe med. Kvart fagområde dekkjer eit vidt læringsfelt. Fleire område er ofte representerte samtidig i eit temaopplegg, i samband med kvardagsaktivitetar og turar i nærmiljøet. I sosialt samspel i leik og i kvardagsaktivitetar skjer det ofte ein spontan kommunikasjon knytt til fagområda. At barn får rike fellesopplevelingar og del i kunnskapar på mange område, er også ein føresetnad for at det skal bli god leik og eit godt samspel mellom barna.

Arbeidet med fagområda må tilpassast alderen og interessene til barna, gruppесамансија и andre føresetnader. Lærestoffet, arbeidsmåtane, utstyret og organiseringa må leggjast til rette ut frå barn sine ulike behov. Alle skal få høve til å møte utfordringar som svarar til det utviklingsnivået dei er på.

I løpet av tre år skal vi ha hovudfokus på kvart av dei sju fagområda:

2013-2014

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle og helse

2014-2015

- Tal, rom og form
- Kunst, kultur og kreativitet

2015-2016

- *Natur, miljø og teknikk*
- *Etikk, religion og filosofi*
- *Nærmiljø og samfunn*



Faggruppe

Vi har laga oss ein temaplan som utgangspunkt for arbeidet med dei tre fagområda. Vi ynskjer å jobbe prosjektorientert, og vil utvikle kvart tema i saman med barn og foreldre. Viser til oversikta på neste side.

Vi deler barna inn i grupper fleire gong i veka, både planfesta og spontant. Tysdagar vil vi dele barna i faggrupper ut frå alder, slik at vi kan tilpasse aktivitet, lengde og innhald til barna sitt nivå og føresetnad. På denne måten sikrar vi oss óg progresjon i arbeidet, dvs at alle i løpet av dei åra dei går i barnehagen skal vera innom visst mykje på dei ulike fagområda.

	TEMA	TRADISJONAR
AUG	Tilvenning Reglar Oppstart fiskespel (sunt kosthald), Mini-røris og turar i nærmiljøet	Hausttur blå gr. 20.08
SEP	Brann (Eldar og Vanja) Fisk- fiskespell Haust	Foreldremøte 08.09 FAU-møte 24.09 SU-møte 24.09
OKT	Haust Forut: Gode venner i Nepal	Forutkafè 29. oktober Foreldresamtalar (okt.+ nov.) 5. kl les i bhg
NOV	Bygda vår Levereglar Juleforberedelser	Hogge juletre Tenne julegrana torsdag 26. november
DES	Advent og jul	Juleverkstad blå gr. 03.12, Julelunsj, Leite etter nissen, Lucia 11.12, Julefest 15.12, Julegraut 21.12 Barnegudsteneste 21.12
JAN	Vinter Språkleik Her er eg/ boka mi	
FEB	Vinter Samane (6. februar) Språkleik Her er eg/ boka mi	Skidag blå gr uke 6 el 8 Ski/ akedag alle Utkledningsdag
MARS	Språkleik Her er eg/ boka mi Påske	Foreldremøte 10.03 Kyrkjebesøk 2010 og 2013 Påskefrukost tysdag 15. mars Besøk av presten
APRIL	Wittgenstein Vår	Foreldresamtalar Overgangssamtalar Ruskedag 29.04
MAI	Bygda vår Vår 17. mai	Besteforeldredag 20. mai Sykkeldag
JUNI/ JULI	Hesteskår Sommar	Sommartur -Hesteskårane Avslutningstur blå gr. Sommarfest tysdag 14.06